



Festeavgifta er auka frå 70 til 90 kroner frå årsskiftet (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fellesrådet for sokneråda auka frå årsskiftet festeavgifta for graver etter fredingstid frå 70 til 90 kroner i året. Avgifta vert som før krevd inn for periodar på 10 år.

Avgifta ligg framleis under dei kommunane som Kvinnherad til vanleg samanliknar seg med. Til dømes er avgifta på Stord og Bømlo 100 kroner og på Sveio 200 kroner.

Kommunestyret har tidlegare gjeve uttrykk for at festeavgifta bør haldast på eit relativt lågt nivå, men med bakgrunn i dei utfordringane ein har med vedlikehald og behov for nye utvidingar var det ønskeleg med ein auke.

Fri grav som vert teke i bruk er først freda i 30 år og det vert i denne tida ikkje kravd inn festeavgift. For grav som vert festa ved sida av fri grav vert det ved gravleggjing kravd festeavgift.

Saksbehandlar og kyrkjeverge Arne Lindekleiv skreiv i saksførebuinga at ein ønskjer å halda oppe ein god standard i vedlikehaldet av gravplassane. Det betyr mykje for dei pårørande og er også med og gje eit positivt bilete av kommunen.

Og festeavgiftene er eit viktig bidrag for å ivareta og følge opp dette.

Samstundes har avgiftene betydning for kor lenge folk ønskjer å feste gamle graver. Hvis avgiftene vert halde låge, kan ein ofte halde fram med å feste gravene sjølv om ein ikkje alltid har høve til å stelle dei.

Av Ola Matti Mathisen